

Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Møre og Romsdal.

Tittel: «Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Møre og Romsdal»

Heimel LOV-1995-05-12-23-§3, LOV-1995-05-12-23-§18, FOR-2018-11-23-1751 (delegering 23.11.2018 av myndigheit til fylkesmannen etter jordlova § 18 gitt av Landbruks- og matdepartementet)

Kapittel 1 Innleiande føresegner

§ 1. Formål

Formålet med tilskot etter forskrifta er å bidra til å ta vare på jordbruket sitt kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturmiljø og -minner, jord og jordhelse, tilgjenge i jordbrukslandskapet samt redusere bruk av plantevernmidlar og utslepp til luft og avrenning til vatn frå jordbruket.

Det er angitt formål med tilskota under kvart miljøtema.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld i Møre og Romsdal fylke.

§ 3. Grunnvilkår

Tilskot etter denne forskrifta kan gjevast til

- a) føretak som har gjennomført tiltak på areal dei disponerer i søknadsåret. Føretaket må drive vanleg jordbruksproduksjon på ein eller fleire landbrukseigedomar, og må vere registrert i Einingsregisteret.
- b) beitelag kan søkje tilskot for drift etter § 5 Drift av beitelag. I denne forskrifta er beitelag avgrensa til å gjelde samanslutningar som er registrerte som samvirkeføretak eller foreining i Einingsregisteret, og som har til hovudføre mål å samarbeide om formålstenlege fellesløyser innan beitebruk og god utnytting av utmarksbeite.

Kapittel 2 Kulturlandskap

§ 4. Drift av bratt areal

Det kan gjevast tilskot for drift av jordbruksareal med hellingsgrad på 1:5 eller brattare for å ta vare på kulturlandskapet.

Arealet (samla) må vere minimum 5 dekar.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

Tiltaksklassar:

- overflatedyrka og fulldyrka 1:3
- overflatedyrka og fulldyrka 1:5

- beiting i kombinasjon med beitepussing 1:3
- beiting i kombinasjon med beitepussing 1:5

For tiltaksklassane 'overflatedyrka og fulldyrka 1:3' og 'overflatedyrka og fulldyrka 1:5' er det vilkår om at areala blir slått.

§ 5. Drift av beitelag

Det kan gjevast tilskot for drift av beitelag som oppfyller vilkåra i § 3b.

Beitelaget må ha minst to medlemmer, føre tilsyn med dyra kvar veke, og rapportere om drifta til statsforvaltaren.

Tilskotsklassene er storfe/hest, småfe.

Tilskotet blir fastsett per dyr som er sleppt på utmarksbeite.

§ 6. Slått av verdifulle jordbrukslandskap

Det kan gjevast tilskot for slått av fulldyrka eller overflatedyrka areal for å oppretthalde verdifulle jordbrukslandskap.

Føremålet med ordninga er å stimulere til vidare drift i område med særskilt verdifullt kulturlandskap og marginalt jordbruk. Dei ulike sonene er teikna inn på kart, som finst i kommunane.

- 1 Sunndal kommune: Grøvuvasdraget; alt areal i nedslagsfeltet til Grøvu frå og med Børstølen og oppover.
- 2 Molde kommune:
 - a. Eikesdalen; alt areal frå og med gardane Vike og Hoem og oppover
 - b. Areala på Bugge; frå og med Breivika til og med Bleineset
 - c. Tautra
- 3 Rauma kommune: Romsdalen; alt areal frå Trollveggen til Oppland grense
- 4 Fjord kommune:
 - a. Alt areal i nedslagsfeltet til Dyrkornvassdraget og Stordalsvassdraget ovanfor Vad bru (Nøredalen)
 - b. Alle bygdene på sørsida av fjorden frå og med Tafjorden til og med Indreeide
- 5 Stranda kommune: Heile Geirangerbygda og alle fjordvendte gardar på begge sider av fjorden frå og med Ljøen til og med Liene, vidare på nordsida av fjorden frå og med Ansok til grensa mot Fjord kommune.
- 6 Ørsta kommune: Norangsfjorden og Norangsdalen
- 7 Herøy kommune: Runde, Nerlandsøya og Skorpa
- 8 Giske kommune: Området ved Alnes fyr
- 9 Hustadvika kommune: Buaværet og alt areal nord for Nasjonal Turistveg frå Bergset og austover samt bygdene Vevang og Årsbogen

- 10 Averøy kommune: Øyane langs Atlanterhavsvegen samt eksisterande jordbruksareal i områda nordaust for Atlanterhavsvegen, til og med Storesandøy, Hasseløyseter og området rundt Vågavatnet. Deretter går avgrensinga sørover til Rangøyvegen og følgjer denne til krysset med fylkesveg 64 (Kårvågvegen). Mot sør vert området avgrensa av Kårvågvegen mellom krysset med Rangøyvegen og krysset med Atlanterhavsvegen, vidare av Tøvikvegen (kommuneveg 6072) så langt vest som til og med Grovaneset.
- 11 Smøla kommune: Sørsmøla; alle gardane frå og med gnr. 14 Kuløy til og med gnr. 42 Skarpnes. Tiltaket omfattar ikkje dei nydyrka myrane på Holmsvassmyra, Røkmyra og Jøstølmyra
- 12 Ålesund kommune:
 - a. Heile Ulla, unnateke fjellet.
 - b. Frå «bruvegen» på Flem og heile nordsida av Flemsøy/ Skuløy til og med nordlegaste garden på Nogva

Tilskotet blir fastsett per dekar.

Kapittel 3 Biologisk mangfald

§ 7. Slått av slåttemark

Det kan gjevast tilskot for slått av slåttemark som er gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra. Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vere gjødsla, jordarbeida eller sprøyta med plantevernmidlar. Areala skal vere registrerte i miljødatabasen Naturbase.

Tiltaksklasse: svært viktig, viktig, lokalt viktig.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

§ 8. Beiting av kystlynghei

Det kan gjevast tilskot for beiting av kystlynghei som er gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra. Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vera gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmidlar. Kystlyngheia skal vere registrert i miljødatabasen Naturbase.

Dyra må ta opp ein vesentleg del av næringstrongen frå beitet. Det må vere minimum 10 daa kystlynghei pr. vaksen sau.

Tiltaksklasse: Svært viktig, viktig, lokalt viktig.

Tilskotet blir fastsett per dyr.

§ 9. Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl

Det kan gjevast tilskot for å leggje til rette for hekking og beiting av fugl på eller i tilknytning til jordbruksareal.

Tilskott kan gjevast der areal vert sett av for å verne reirplassen til truga fugleartar (åkerrikse, vipe, storspove og grashoppesangar), som hekkar på innmark. Fuglearten,

hekkeplassen, storleiken og forma på arealet skal vere registrert og godkjent av miljøvernavdelinga hos Statsforvaltaren for det aktuelle året. Det skal gjerast avtale med miljøvernavdelinga om tiltaket i kvart enkelt tilfelle. Arealet kan ikkje haustast før 1. august.

Tilskotet blir fastsett per dekar. Det er satt eit maksimalt tilskot pr. føretak på kr 20 000.

Kapittel 4 Kulturminne og kulturmiljø

§ 10. Drift av seter

Det kan gjevast tilskot for drift av seteranlegg med mjølkeproduksjon. Produksjonsperioden skal vare minst fire veker per sesong. Mjølka som blir produsert skal leverast til meieri eller foredlast på setra. Produksjonen skal tilsvare minimum 45 liter kumjølkk eller 25 liter geitemjølkk i døgnet per seter.

Tiltaksklasser:

- levering til meieri, 4-6 veker
- levering til meieri, > 6 veker
- foredling på setra, 4-6 veker
- foredling på setra, > 6 veker

Tilskotet blir fastsett per seter, fordelt på tal føretak som har dyr på setra.

§ 11. Skjøtsel av enkeltstående automatisk freda kulturminne

Det kan gjevast tilskot for skjøtsel av gravminne som er freda etter lov av 9. juni 1978 nr. 50 lov om kulturminne § 4, som er synlege på overflata og som ligg på eller grensar til jordbruksareal. Skjøtselstiltak er manuell slått eller beiting. Skjøtselen skal vere gjennomført slik at gravminnet blir halde synleg og framstår som stelt. Kulturminnet skal vere registrert i kulturminnebasen Askeladden.

Det kan bli gitt tilskot til inntil 20 gravminne per føretak.

Tilskotet blir fastsett per stykk.

Kapittel 5 Avrenning til vatn og kyst

§ 12. Ingen jordarbeiding om hausten

Det kan gjevast tilskot for areal med korn, oljevekstar, belgvekstar, frøeng siste haustingsår, grøngjødsling og grønfôrvekstar, dersom arealet ikkje blir jordarbeidd om hausten. Arealet skal ikkje jordarbeidast før 1. mars året etter søknadsåret. Halmen på desse areala skal ikkje brennast.

Tilskotet gjeld erosjonsutsette areal i nedslagsfeltet til elvane Surna i Surnadal, Driva i Sunndal og Rauma i Rauma kommune.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

§ 13. Grasdekt kantsone i åker

Det kan gjevast tilskot for fleirårig grasdekke langs kanten mot vassdrag på åkerareal. Sona det blir gitt tilskot for, skal ha ei helling ut mot vassdraget, ein breidde på minimum åtte meter målt frå normalvasstanden i vassdraget, der minst seks meter ligg på fulldyrka areal. Avstanden frå vassdraget sin normalvasstand til der kantsona starter skal ikkje vere meir enn 8 meter. Vekstane skal vere godt etablerte om hausten i søknadsåret. Areala skal ikkje gjødslast eller sprøytast, og skal slåast, beitast eller pussast i søknadsåret. Ved fornying skal jordarbeiding og såing skje mellom 1. mars og 1. juli.

Tilskotet gjeld erosjonsutsette areal i nedslagsfeltet til elvane Surna i Surnadal, Driva i Sunndal og Rauma i Rauma og i Smøla kommune

Tilskotet blir fastsett per meter.

§ 14. Vedlikehald av fangdam

Det kan gjevast tilskot for fangdam som er etablert på eller i tilknytning til jordbruksareal. Ein fangdam er ein «konstruksjon» som er bygd for å redusere avrenning av jord og næringsstoff. Eit vilkår for tilskotet er at fangdammen har tilfredsstillande reinseeffekt slik at den fangar opp avrenning av jordpartiklar og næringsstoff. Det betyr at den må tømmast ofte nok.

Tilskotet blir fastsett per dekar. Arealet inkluderer vannspeilet samt kantvegetasjon og vegetasjonsfilter.

Kapittel 6 Utslepp til luft

§ 15. Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen

Det kan gjevast tilskot for spreiing av husdyrgjødsel og biorest om våren eller i vekstsesongen. Siste frist for spreiing er 10. august. Arealet skal haustast ved slått eller beiting etter spreiing i søknadsåret. Det skal minimum spreiest ei mengde som tilsvarer 5 kg total-Nitrogen per dekar. Tilskotet kan berre gjevast dersom all husdyrgjødsel som føretaket disponerer blir spreidd om våren eller i vekstsesongen.

Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som syner spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar.

Tiltaket kan kombinerast med § 16 *Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel*, men ikkje på same areal.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

§ 16. Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel

Det kan gjevast tilskot for spreiing av husdyrgjødsel og biorest ved nedfelling eller nedlegging. Det skal minimum spreiest ei mengde som tilsvarer 5 kg total-Nitrogen per dekar. Arealet skal haustast ved slått eller beiting etter siste spreieing i søknadsåret. Husdyrgjødsel og biorest som er spreidd ved nedlegging i open åker må moldast ned

innan to timar. Det må vere brukt nedfellings- eller nedleggingsutstyr på all husdyrgjødsel som er spreidd på det arealet som blir omsøkt.

Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som syner spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar.

Tiltaket kan kombinerast med § 15 *Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen*, men ikkje på same areal.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

§ 17. Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange

Det kan gjevast tilskot for spreiing av husdyrgjødsel og biorest med tilførselsslange, som eit tillegg til tilskot etter § 15 *Spreiing vår/vekstsesong* eller § 16 *nedfelling eller nedlegging*.

Føretaket må kunne dokumentere bruk av tilførselsslange.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

Kapittel 7 Miljøavtale og klimarådgeving

§ 18. Klimarådgeving

Det kan gjevast tilskot til føretak som har gjennomført klimarådgeving i perioden frå 15. oktober foregåande år til 15. oktober i søknadsåret. Formålet er ein heilskapleg gjennomgang av utslepp og opptak av klimagassar på garden med sikte på å gjennomføre klimatiltak. Tiltaksplan for utført rådgeving må leggest ved søknaden. Den som har stått for rådgevinga må vere godkjent som klimarådgjevar av Landbruksdirektoratet.

Tilskot kan gjevast for berre ei gjennomført rådgeving per søknadsomgang. Dersom det blir søkt om tilskot for gjennomført klimarådgeving i fleire søknadsomganger, er det eit vilkår det er utarbeidd ein ny tiltaksplan som gjer greie for gjennomførte tiltak frå førre tiltaksplan..

Tiltaksklasser: to-til-ein-rådgeving, ein-til-ein-rådgeving, grupperådgeving.

Tilskotet blir fastsett per rådgeving.

Kapittel 8 Generelle føresegner

§ 19. Utmåling og utbetaling av tilskot

Tilskotet blir rekna ut etter satsar fastsett årleg av statsforvaltaren. Tilskot skal berre gjevast for det året tiltaket blir gjennomført.

§ 20. Søknad

Føretak som søker tilskot skal nytte søknadsskjema fastsett av Landbruksdirektoratet.

Søknadsfristen er 15. oktober. For beitelag som søker tilskot etter § 5 Drift av beitelag er fristen 15. november.

Dersom søknaden blir levert etter fristane i andre ledd, blir tilskot redusert med 1 000 kroner per dag inntil 14 dager etter utgått frist. Tilskotet kan ikkje overførast til eige eller pant.

Søknader som er levert innan søknadsfristen kan endrast innan 29. oktober utan reduksjon i tilskotet. Dette gjeld ikkje søknader etter § 5 Drift av beitelag.

§ 21. Administrasjon, dispensasjon og klage

Statsforvaltaren administrerer tilskota etter denne forskrifta.

Kommunen gjer vedtak om tilskot. Statsforvaltaren kan i særlege tilfelle dispensere frå føresegnene om tilskot fastsett i denne forskrifta.

Kommunen sitt vedtak kan klagast på til Statsforvaltaren. Vedtak fatta av Statsforvaltaren i første instans kan klagast på til Landbruksdirektoratet.

§ 22. Opplysningsplikt og kontroll

Den som søker tilskot pliktar å gi alle opplysingar som kommunen, Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet finn naudsynt for å kunne forvalte ordninga.

Kommunen, Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kontrollerer at utbetalinga av tilskot er riktig. Søkjaren har pliktig til å utlevere all bokføring, korrespondanse og nedteikningar som gjeld tilskotet. Opplysingar gitt i samband med søknaden om tilskot kan også bli kontrollerte ved teljing og måling på dei eigedomane som føretaket nyttar i drifta.

§ 23. Avkorting av tilskot

Dersom føretaket aktaust eller med forsett har

- a) drive eller driv verksemda i strid med anna regelverk for jordbruksverksemd, eller
- b) gitt feil opplysingar i søknaden slik at søkjaren eller andre urettvist har fått utbetalt eller kunne fått utbetalt tilskot,

kan heile eller delar av det samla tilskotet til føretaket bli avkorta.

Tilskotet kan også bli avkorta dersom føretaket

- a) ikkje har halde dei fristane som kommunen, Statsforvaltaren eller Landbruksdirektoratet har sett for å kunne utføre sine kontrolloppgåver i medhald av § 22. *Opplysningsplikt og kontroll*,
- b) har brote føresegner i forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging, eller

- c) ikkje har ført journal over plantevernmidlar som føretaket har nytta seg av på areala det blir søkt tilskot for. Journalen skal innehalde opplysingar om namn på plantevernmiddelet som blir brukt, tidspunkt for behandlinga og dosa som er brukt, samt området og veksten som plantevernmiddelet blei brukt på. Tilskotet kan også bli avkorta dersom føretaket ikkje kan leggje fram slike journalar for dei siste tre åra.
- d) i tilknytning til jordbruksarealet det disponerer ikkje har vegetasjonssone på minst to meter mot vassdrag med årssikker vassføring, målt horisontalt frå vassdragets normalvasstand. Vegetasjonssona kan ikkje jordarbeidast.
- e) på eller i tilknytning til arealet det disponerer blir foretatt inngrep som forringar kulturlandskapet. Dersom anna regelverk ikkje er til hinder for det, kan kommunen likevel førehandsgodkjenne inngrepet dersom det avhjelper betydelege driftsmessige ulemper.

§ 24. Tilbakebetaling og renter mv.

Dersom føretaket som følgje av manglande oppfylging av vilkår i denne forskrifta eller av andre grunnar har teke imot ei utbetaling som ikkje er rettkome, kan det feilutbetalte beløpet krevjast tilbakebetalt frå mottakaren eller motreknast i seinare utbetaling av tilskot. Tilsvarende gjeld differansen mellom utbetalt beløp og redusert tilskot som følgje av vedtak om avkorting etter § 23. *Avkorting av tilskot.*

For tilbakebetalingskrav kan det krevjast renter når kravet ikkje er innfridd ved forfall. Ved grov aktløyse eller forsett kan renter krevjast frå tidspunktet for utbetalinga av det urettkomne tilskotet. Størrelsen på renta følgjer rentesatsen fastsett med heimel i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m.m.

Krav frå offentleg myndigheit som kjem ut av føretaket si jordbruksverksemd kan motreknast i seinare utbetalingar av tilskot til føretaket.

§ 25. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft straks. Samtidig blir forskrift 6. juli 2021 nr. 2350 om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket, Møre og Romsdal oppheva.